



## Månadsbrev februar 2016

I januar synest rektor det har skjedd altfor mykje, men elevane har arbeidd godt. Rikskonserten "Eget" var svært god, og ungdomsskuleelevane laga mange fine teikneseriestriper saman med Åsmund Åmdal. Arbeidsseminaret for skuleleiarane i Sirdal kommune var kjekt og matnyttig, og me slo fast at me har ein Sirdalsskule med felles leiing, felles visjon og strategiplan og felles satsingsområde (Lesing i alle fag, vurdering for læring og klasseleiing), samstundes som det er viktig å ta vare på den einskilde skulen sin eigenart. Hugsar du visjonen i "Sirdalsskulen - mål og strategiar"? **Ein god stad å vera - ein god stad å læra!**

Det første har me fått stadfesta tidlegare gjennom den lokale trivselsundersøkinga, og nå er det på tide å finna ut om det framleis stemmer. I veke 5 vil de få eit brev med informasjon og passord, der me bed dykk om, saman med ungen/ungane din(e), å logga dykk inn på *It's learning* for å svara på nett denne gongen. Er det nokon som absolutt vil svara på papir, må de sjølvsgagt gjera det.

Februar byrjar med Den store skulekinodagen 2. februar, der 1.-3. klasse skal sjå *Doktor Proktors prompepulver* og ungdomstrinnet *Skammerens dotter* på Tonstad. Torsdag 11. februar held fiolinist og songar Marie Klåpbakken konsert for 1.-7. klasse. "Alle tekster fremføres på Maries dialekt, gudbrandsdøl, og handler om temaer som livet, kjærlighet, svik og drømmer." Marie var òg med på Melodi Grand Prix våren 2015. ([http://vaf.ksys.no/institusjon\\_3467/produksjon\\_17647](http://vaf.ksys.no/institusjon_3467/produksjon_17647))

Nokre klassar på småskulen og mellomtrinnet vil vera med på Fruktcupen i år òg, fram til vinterferien, og ungdomsskulen planlegg skidag for elevane på Outdoor College. Elles vert det ein times MOT-samling for 8. og 9.-10. klasse 8. februar. Åse-Berit på SKU-samling for skuleleiarar 4.-5. februar på Flesland, men så vonar ho ho får vera til stades på Sinnes skule ei stund.

Som nemnt sist, er ordninga med gratis skyss for barn og ungdom oppheva frå 01.01.16, og elevane har blitt informerte om sikker skuleskyss på morgonsamlinga i januar, sjå vedlegg. Dei kan kjøpa verdikort/klippe kort (minimum kr. 200,-) eller månadskort (barn 4-15 år kr.350,- og ungdom 16-19 år kr400,-) på bussen, eller dei kan betala kontant. Då er prisen for barn kr 21,- til Tjørhom, kr 28,- til Omlid og kr 35,- til Tonstad.

**HUGS** onsdagsskule 10. februar for 1.-3. klasse, og ha ein **god vinterferie** veka etter!

Sinnes 29.02.16, *Åse-Berit* (rektor)

